

Straum til 1000 husstandar

07.06.2015

Mange har dei siste dagane undrast over kor mykje straum ei eventuell utbygging av Tverrelva i Uskedalen vil gje, og svaret er at det vil dekke behovet for 11000 husstandar i eitt år.. Framstegspartiet har kome med ei uttala om prosjektet etterat det fekk positiv behandling i regjeringa og peikar på at det vil gje tilgang til meir fornybar kraftproduksjon og ikkje minst gje positive lokale ringverknadar.

Stortingsrepresentant Helge Andre Njåstad strekar under at partiethar voge opp dei samfunnsmessige fordelane ved ei utbygging mot dei negative. Det er lagt vekt på omsynet til landskap, anadrom fisk og brukarinteressar og fastsett ei rekkje avbøtande tiltak for å redusera konsekvensane av inngrepa.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen